



DEN NORSKE KYRKJA

Helgheim sokneråd Referat 01.02.24

Styre, råd og utval Helgheim sokneråd	Møtestad Vassenden kyrkjesenter	Møtedato 01.02.24
Arkiv nr.		Møteslutt 21.25

Til stades på møtet:

Desse møtte: Hildegunn Huus (leiar), Bjørn Anders Steinsund, Norvald Nedrebø, Steinar Dvergsdal, Marit Vallestad, Aud Førde, Brita Maria Distad (2. vara), Silje Sørebo (prest)
Meldt forfall Camilla Klakegg (1.vara)
Saker 1 - 7/24

Hildegunn Huus opna med dikt "Livets strikkeset" – ukjent forfatter.

Sakliste:

Sak 01/24 Godkjenning av innkalling.

Vedtak: Innkallinga godkjent med korrigerings av saksnummer.

Sak 02/24 Godkjenning av referat av 30.11.2023

Vedtak: Referat godkjent med korrigerings av namn under sak 36/23.
Retting : Inger Birgitte Kjosnes

Sak 03/24 Årsmelding

Årsmeldinga vart gjennomgått . Endeleg vedtak blir gjort på neste møte 05.03.24.

Sak 04/24 Dato for årsmøte

Vedtak: Årsmøte 24. mars etter gudstenesta.

Sak 05/24 Vårprogram

Det vart lufta litt idear :
"Kaffi treff" på misjonshuset
Song/musikk innslag i gudstenesta
Silje har fått forslag frå Synnøve Børset om opplegg rundt prosjekt "Hjem jeg lenges".

Det blir ikkje gjort noko vedtak no, men vi tenkjer på dette fram til neste møte.

Det er komt fram forslag om at soknerådet skal inn som arrangør av julekonserten - dette må takast opp som sak seinare.



DEN NORSKE KYRKJA

Helgheim sokneråd Referat 01.02.24

Sak 06/24 Frivillige utanfor soknerådet

Vedtak: Pr i dag er det nok å bruke soknerådet og varamedlemmane til kaffi/kake baking ved gudsteneste, her får ein og hjelp av konfirmantforeldrene. Ved andre høve kan vi vere flinke til å spørje folk å vere med. Vi tar kontakt med aktuelle sjåførar som kan bidra til dei som treng skyss til kyrkje.

Sak 07/24 Meldingar/orienteringssaker

Trusopplæringsutvalet frå Helgheim sokn 2024-2027 :
Karen Elise Erikstad og Camilla Klakegg

Prost og Kyrkjeverje, vitjing i Jølster : Kyrkjefagdag med sokneråda + varamedlemmer og stab 29. februar

Kyrkjelydstur, fremje forslag til neste møte. Naustdal sokneråd har komt med ønskje om å få vere med.

Vårdugnad på kyrkjegarden og i Helgheim kyrkje.
Som tidlegare med dugnadsgjeng på kyrkjegarden før konfirmasjonshelga - raking /rydding og få køyrt bosset vekk.
Inne i kyrkja treng det ikkje stor vask i år, treng evt litt måling i glass karmane.

Samarbeidsgudstenestene i fastetida.

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 19. mars kl 1700.

Takkeofferlista for 2024.

Jubileumsåret 2024. Dette året er det bestemt at det skal markerast to nasjonale jubileum: 1000 års jubileum for kristenretten (sjå info <https://moster2024.no/kristenretten>) og 750 år for Magnas Lagabøtes landslov (<https://www.nb.no/landslovjubileet2024/>). På grunn av Audun Huggleiksson si tilknytning til landslova har Sunnfjord kommune bestemt at det skal vere ei feiring av landslovsjubileet på Ålhus helga 27.-29. september, med blant anna jubileumsgudsteneste i Ålhus kyrkje 29. september, med besøk frå prost og biskop, og truleg også kyrkjekonsert laurdag 28. september.

Ingen tilkomne saker.